



Stad kommune



NYTT fra Stad kommune / mars 2021

tilsette i Stad

Påskehelsing og informasjon om stort og smått i org.

Takk og ros til alle tilsette i Stad kommune

Aldri har vi informert så mykje og så ofte i Stad kommune som dei siste tre vekene. Og aldri har det vel vore klarare at kommunen er meir enn summen av dei ulike tenestene våre.

Vi snakkar ofte om at kommunen berører deg frå morgen til kveld, frå vogge til grav, gjennom dei ulike oppgåvene og tenestene vi har ansvar for. Men ofte tar vi det for gitt og tenkjer ikkje over at kommunen er så mykje meir enn dei enkelte tenestene vi gjennom eit livsløp har bruk for og rett til. I krisetider som no ser alle betydinga av ein velfungerande kommuneorganisasjon der linjene fungerer og leiarane tar ansvar i fellesskap. I tillegg er det heilt avgjeraende at det er tett dialog med det politiske miljøet, og at det er tillit mellom oss. Det viser seg særleg i krisetider at den grunnleggjande tilliten mellom politikarar, tilsette, næringslivet og frivillig sektor påverkar korleis vi klarer å løyse utfordringar i lokalsamfunnet i lag.



Viljen til samarbeid er viktig for å løyse utfordringane våre på best mogleg måte. Vi gjennomførte i haust ei tillitsmåling i Stad. Telemarksforsking var ansvarleg for undersøkinga som ein del av prosjektet «Den samskapande kommunen» der Stad kommune er prosjektansvarleg. Vi samanliknar oss her med 31 andre kommunar, og undersøkinga viser at det er høg grad av tillit i kommunen og mellom dei gruppene som er målt; politikarar, tilsette, næringslivet og frivillig sektor. For alle tillitsdimensjonane unntatt ein, scorar Stad betre enn gjennomsnittet. Dei siste vekene har vist oss at vi dreg i lag, og av vi på denne måten både handterer utfordringane og bidreg til å trygge befolkninga i den grad det er mogleg.

Stad kommune har vore spart for mykje smitte fram til dei siste vekene, men vi har gjennom eit år hatt mange krevjande arbeidssituasjoner og stor innsats for å hindre smitte. Når først smitten kom, så vart svært mange berørte. Det har vore ein formidabel arbeidsinnsats i mange tenester dei siste vekene, og leiarar og tilsette på ulike nivå har hatt mange ekstraoppgåver og mange arbeidstimar for å bidra til å hindre smitte og samstundes gi tenester der det har vore forsvarleg. Vi hadde ikkje klart å gjennomføre ein forsterka TISK-strategien utan at alle involverte tilsette hadde bidratt i kartleggings- og informasjonsarbeid. Ein liten kommune utan særleg smittetrykk har ikkje høve til å ha eit stort smitteteam på permanent basis. Vi har i all hovudsak brukt eigne tilsette til dette arbeidet, og ved hjelp av godt informasjonssystem (Vigilo) i skule og barnehage, har vi klart å informere barn, unge og foreldre på ein effektiv måte.

Vurderingane av tiltak i Stad kommune har heile tida vore gjort i tett dialog mellom kommuneoverlegen og beredskapsleiinga. Statsforvaltaren og FHI (Folkehelseinstituttet) er fagmiljøa som vi støttar oss på i dette arbeidet. Særleg FHI har spisskompetanse og lang erfaring frå utbrot i heile landet. Vi vurderer tiltak ut frå risikonivå (1-5), og ut frå ei samla vurdering basert på situasjonen i lokalsamfunnet. Vi har stort sett vore på risikonivå 1 (kontroll) i Stad under heile pandemien. Vi er no på risikonivå 2 (kontroll med klynger). Risikonivå 2 er kjenneteikna av at ein har utbrot der tilfella er avgrensa til visse grupper og berre ein liten del (under 10%) har ukjend smittesituasjon/smitteveg. Testing og smittesporing vert handtert greitt.

Forts. s 2.

Våre tiltak og vår informasjon er basert på vurdering av risikonivå og bemanningssituasjonen. Vi har vore opptekne av å gi rett informasjon til rett tid til ulike målgrupper. I det pågående utbrotet har vi gitt oppdatert informasjon kvar kveld når vi har blitt kjende med smittestatus. Det har heile tida vore ei avveging mellom konkret og detaljert informasjon og omsynet til teieplikta i det som vi legg ut som offentleg informasjon. Berørte tenester har sjølvsgart fått detaljert informasjon slik at det har vore mogleg å gjere vurdering av tiltak. Rett informasjon er heilt avgjerande for at alle i lokalsamfunnet skal vite korleis dei bør forhalde seg i ulike situasjoner. Mange veit mykje og vil sjølvsgart vurdere situasjonen ut frå sin kunnskap, men det har vore viktig for kommuneleiinga å formidle at den samla kunnskapen om smitte er det berre kommuneoverlegen som har. Våre samla vurderinger blir då basert på den oversikten vi til ei kvar tid har. Vi håper og trur at dette har vore med på å trygge folk og bidra til størst mogleg ro i ein vanskeleg situasjon.

No står vi framfor ei påske med ytterlegare nasjonale innstrammingar. Det er å håpe at trass i situasjonen vår, så vil det bli mogleg å få ei tid med litt ro og kvile. Eg ønskjer så langt å takke alle våre leiarar og tilsette for stor og grundig innsats i ein krevjande og vanskeleg periode for svært mange.

Åslaug Krogsæter



Våre tiltak og vår informasjon er basert på vurdering av risikonivå og bemanningssituasjonen.



Kulturskulen med god søknad til dans i ytre

Etter løyvinga på 100.000,- frå KNIS-utvalet i desember 2020 har kulturskulen no fått fart på dansetilbodet i ytre! 21 nye elevar har hittil meldt seg på det nye dansetilbodet i Selje og Ytre Stad.

Tilbodet er fordelt på fire dansegrupper - to på Selje skule; ei for 3-5 år, og ei for dei mellom 6-8 år. Her har 15 barn meldt seg på til no. I tillegg er det sett opp to grupper på Stad bygdehus: ei for 3-5 år, og ei for 12-15 år. Her er 8 påmeldte til no, og fleire har meldt si interesse. Det er Helle Frogner som er tilsett som danselærar i prosjektstilling denne våren.

- Dette er eit flott gruppetilbod som når ut til mange, og det er kjekt å ha lærarkrefter som Helle som virkeleg brenn for å formidle dans til barn og ungel! Stad Kulturskule er glade for moglegheita til å nå ut til fleire barn og unge i Stad kommune. Og vi håper at tilbodet vil gjere fleire kjent med kulturskulen, og at vi kan rekruttere søkjarar også til andre tilbod i kulturskulen, seier rektor ved kulturskulen Benedikte Dæmring.

I første omgang er dette ei prosjektstilling våren 2019, men håpet er at tilbodet kan vidareførast hausten 2021.

Ny brannstasjon på Stadlandet

Den nye brannstasjonen på Stadlandet er no straks klar for innflytting. Byggearbeidet starta opp i mai 2020 og det er kun finpuss som står att før totalentreprenør Stårheim Bygg kan overlevere det nye bygget til Stad kommune. Overtaking er planlagt like over påske.

Brannstasjonen vil innehalde m.a. toalett, garderobar og vaskemoglegheit for mannskap og utstyr, samt oppbevaringsplass/garasje for brannbilar og utstyr.

Det var etter tilsyn frå Arbeidstilsynet i 2017 at ny brannstasjon pressa seg fram. Kravet var betre forhold for dei tilsette.

– Dette er ei stor forbetering i forhold til dagens brannstasjon og vil skape gode arbeidsforhold for dei tilsette i brannvesenet på Stadlandet. Dette var sårt tiltrengt. Det blir ein ny kvardag for alle, konstaterer brannsjef Geir Petter Hatlenes.

Brannstasjonen ligg rett ovanfor næringsområdet på Leikanger. Sjølve bygget har ei grunnflate på 273 kvadratmeter, men heile tomta er på rundt to mål. I løpet av våren vil det også kome tømmestasjon for bu-bilar rett nordaust for den nye brannstasjonen.



Den nye brannstasjonen vert ei stor forbetering og vil skape gode arbeidsforhold for dei tilsette på Stadlandet.

Gåvedryss til Vår sin butikk

I februar fikk Vår sin butikk ei stor overrasking frå Sparebanken Vest. Butikken blei då trekt ut som ein av dei heldige vinnarane av banken sin årlege julekalender.

Det er dei banktilsette som kvart år nominerer og stemmer fram gode hjertesaker i Sparebanken Vest sin eigen julekalender. Av disse blir det trekt ut 24 nominerte saker dei tilsette vert oppmoda om å støtte. Vår butikk fikk ein sjekk med heile 60.000,- overrekt av Ove Hoddevik, som også var den som hadde nominert butikken.

– Dette beløpet kjem svært godt med då vi jobbar iherdig for å komme i nye lokaler, slik at vi kan samle drifta vår under eitt tak. Pr. dags dato har vi produksjonslokaler på to plassar med ein kilometer avstand, seier Eli Thelen Sjåstad som er leiar for LA bedrift/Vår sin butikk på Stadlandet.

Vår sin butikk er eit bakeri i Korsen, sentrum på Leikanger, Stadlandet. Butikken leverer smårettar og bakst til firma i nærområdet og har bakeriutsal to dagar i veka, torsdag og fredag frå kl. 13.00-15.00

Velkommen innom! - Her blir du alltid møtt med god bakst og eit smil!



Stor jubel frå gjengen på kjøkkenet då Ove Hoddevik frå Sparebanken Vest stakk innom Vår sin butikk på Stadlandet med den store sjekken.

Nytt liv i Selje prestegard

Eit av tiltaka i kulturarvplanen for Selje frå 2019, var at kommunen skulle greie ut Selje prestegard si rolle i utviklinga av Selje som pilegrimsstad, lokalitet for Selja kloster, formidling av Selja si kulturhistorie og formidling av reisemål i kommunen.

På bakgrunn av dette vedtok kommunestyret i Stad i oktober 2020 å starte opp hovudprosjektet Selje prestegard med mål å få drift i prestegarden som eit regionalt pilegrimssenter og lokalt kultursenter frå våren 2021.

Målet er no snart nådd. Stad kommune har no inngått leigeavtale med OVF som er eigar. Eit moglegheitsstudie utført av Blåmyra har skissert kva som er mogleg å få til i prestegarden og omkringliggende bygningar, og med dette som utgangspunkt er arbeidet med å fylle prestegarden med innhald i full gang.

- Det er i dag faste kontordagar i prestegarden kvar tysdag og torsdag. Dersom du har lyst til å ta turen innom å sjå, er du hjartelag velkommen, oppmodar Gerd Fløde Bjørlo som er dagleg leiar for Pilegrimsenter Selje.



Selje prestegard ligg sentralt i Selje sentrum. Ny bruk vil styrke Selje sin posisjon som nøkkelstad på kystpilegrimsleia, Stad som vertskommune for Selje kloster og formidling av Selje si kulturhistorie.



Ivrige og dedikerte barn frå Gjerdane barnehage på søppelsanking i nærområdet sitt.

Små steg for kloden - i og rundt barnehagen

I samband med barnehagedagen tysdag 9. mars har alle barnehagane i Stad kommune hatt fokus på miljøvern og bekräftig utvikling! Temaet for barnehagedagen i år var «Små steg for kloden».

Søppelsortering, plukking av søppel ute i naturen og i nærområda til barnehagane, gjenbruk av søppel og lærdom om naturen er aktivitetar barnehagane har hatt fokus på. Målsettinga med prosjektet er at barna skal bli glade i naturen og kjenne engasjement for å ta vare på den.

- Vi har også sådd plantar som vi (forhåpentligvis) kan hauste noko av seinare i år. Det blir spennande og fint for barna å sjå kva naturen kan gje oss når vi steller fint med den og brukar den på riktig måte, seier Tove Hanebrekke Starheimsvik, einingsleiar i Gjerdane barnehage.

Barnehagen skal bidra til at barna kan sjå at deira handlingar som naturvakter er viktige og har konsekvensar for framtida. Vi tek mange små steg for kloden vår i lag, det kjennes godt for både barna og dei vaksne, avsluttar Tove.

Vaknar til gul frukost på Seljetunet

Kjøkkenet ved Seljetunet lagar gul frukost i påska! - Konseptet har blitt ein tradisjon der kjøkkenet samarbeider med avdelinga om om å dekke nydelege frukostbord med påskeservietter, fint servise, lys, pynt og blomster. Det blir også «gul mat» på menyen.

- Vi vil by på gul mangosmoothie, gul fruktsalat og grønsaker, speilegg/bacon og nylaga rundstykker – slik at alle som bur her skal vakne til god matlukt som vekker sansane og matlysta, seier einingsleiar ved Seljetunet Annette Hovden.

Den gule frukosten er for å kombinere mat og farger i markeringa av påske og for at alle dei som bur her skal få ein god start på påska og høgtida. Vi trur slik dette gjev ekstra glede både for dei som bur her og jobbar her, avsluttar Annette.



Kokkane ved Seljetunet legg sjela si i matlagninga dag etter dag. - Vi opplever stor takksemrd for at vi har fokus på å skape ekstra glede rundt måltida, seier kokkane.



Gode pasientforløp i Stad kommune

KS gjennomfører regionale læringsnettverk for Gode pasientforløp i samarbeid med Folkehelseinstituttet (FHI) på oppdrag for Helse- og Omsorgsdepartementet. Målet er å sikre brukarane sitt behov for heilskaplege, koordinerte og trygge tenester.

Gode pasientforløp starta opp i 2014, og 148 kommuner har gjennomført læringsnettverket så langt. No er resten av kommunane gjeve mogelegheit til å gjennomføre læringsnettverket, og Stad kommune deltek frå februar 2021.

Læringsnettverket vil strekke seg over 18 mnd med 4 samlingar i denne tida. Stad kommune har sett saman to forbetingsteam. Ei gruppe dekkjer helse og omsorg i indre del av Stad kommune, og ei gruppe vil dekkje Bryggja og Ytre del av Stad kommune.

Forbedringsteama skal gjennomføre intervju med brukarar, tenestemottakarar, tilsette, pårørande m.m., og målet er å avdekke område som ikkje fungerer optimalt i dag, og som kan bli betre!

- Den raude tråden i læringsnettverket er fokus på den enkelte brukaren - «kva er viktig for deg» -tankegangen. Intervjua vil leggje grunnlag for kva område Stad kommune treng å jobbe med for å forbetre pasientforløpet, og kva område i heile samhandlingsflyten i eit pasientforløp som kan bli betre, seier Rita Helen Hatlenes og Sandra Osnes Kriken som leiar kvart sitt forbetingsteam.

Arbeidet med godt pasientforløp er eit av fleire viktige tiltak for å nå målet om å skape heilskaplege og effektive tenester for tenestemottakarane og for kommunen.



Med fokus på
den enkelte.

Startar kysttrim - #einstadåtrimme

Frisklivssentralen i Stad v/frivillige instruktørar startar opp kysttrim på Stadlandet og i Selje etter påske. Trimmen er for dei som er midt i livet og som ynskjer å trenere ute saman med andre på ulike stadar i nærleiken av Stadlandet og Selje.

- Dei som er med treng ikkje treningserfaring eller utstyr - kom som du er, oppmodar fysioterapeut Emilie Nyheim, som starta som frisklivskoordinator i Stad kommune i januar.

Trimmen er gratis og krev ikkje påmelding. Tidspunkt og møtestad vil bli annonsert så snart situasjonen rundt covid-19 er meir avklara og samfunnet igjen kan opne opp.

Følg med på Facebooksida til frisklivssentralen @frisklivssentralenstad for fortløpande informasjon.



Frisklivskoordinator Emilie Nyheim gledar seg til å kunne tilby kysttrim for innbyggjarane i ytre.

Stad får 3 mill. til helsestasjon og skulehelseteneste

Stad kommune har fått innvilga eit treårig tilskot frå Helsedirektoratet på til saman 3 mill kr for å styrke og utvikle helsestasjons- og skulehelsetenesta til born, unge og foreldre i kommunen.

- Å satse på helsestasjon og skulehelseteneste er noko av det viktigaste vi kan gjere for å bygge eit godt lokalsamfunn, og hjelpe born, unge og foreldre å få ein trygg kvardag. Det er svært gledeleg at vi har fått innvilga søknaden om å halde oppe det forsterka fagmiljøet innanfor helsestasjon og skulehelseteneste vi no har bygd opp i Stad kommune og utvikle tenestene vidare, seier einingsleiar for Helse i Stad, Linda Gotteberg.

Helsestasjonen i Stad følgjer opp gravide gjennom svangerskap og barselperiode, tilbyr Helsestasjon for born 0-5 år på Nordfjordeid og i Selje, skulehelsetjeneste for både barneskule, ungdomsskule og vidaregåande skule og har Helsestasjon for ungdom.



Einingsleiar i Helse Linda Gotteberg og fagleiar på helsestasjonen Britt Tomasdard er gleder seg over eit styrka fagmiljø og fleire ressursar til førebyggjande arbeid.

Eid og Selje hadde for få år tilbake om lag 5 stillinger samla til helsestasjon og skulehelseteneste. Nye Stad kommune sitt fagmiljø på området er auka frå 5 til 8 stillinger, med godt kvalifisert personale over heile linja.

- Styrkinga av helsestasjonen med ekstra statlege midlar dei siste åra har gjort det mogleg å utvikle både breidda og kvaliteten i tilbodet, seier einingsleiar Linda Gotteberg. - Vi har mellom anna fått på plass tilbod om foreldrerettleiing, er meir tilgjengelege for born og unge ute på skulane og er tilgjengelege på sosiale media/plattformer der vi treff ungdom på nye måtar.

- Med dei ekstra statlege midlane vi no har fått, er vi trygge på at vi kan halde oppe og utvikle det forsterka tilbodet og fagmiljøet i Stad kommune på helsestasjon og skulehelseteneste også i åra framover, avsluttar Linda.

Opptur for heile Stad

Opptur Stad er eit samarbeidsprosjekt mellom Selja forlag og Stad kommune. Bokprosjektet skal samle og skildre alle dei beste turopplevelingane i Stad kommune.

Det er planlagt plass til 150 små og store turar med god variasjon.

- Her blir det alt frå trueturar, fjellturar, historiske turar, naturmøteplassar, sykkelturar, til Sagaløypa/vandreturar i sentrum og bygdene. Ei god blanding av lette og meir krevjande turar, med fyldig omtale, bilder og ruter som beskriv turen, seier Arild Vonheim, rådgjevar for lokal samfunnsutvikling i Stad.

Det ekstra kjekke med bokprosjektet er at boka blir til i fellesskap. Gjennom eit samskapingsprosjekt med alle bygdene, bidreg Stad kommune med turar og innhald.

Oppturkonseptet er eiggd av Selja forlag, og har vorte populært i heile landet.

- Dette blir ikkje ei rein opperbok som ein kjenner frå andre stadar. Boka vil også innehalde kulturhistorie og sagn langs dei ulike rutene. Vi har stor tru på det dette vil auke verdien av alle turane ein går, understrekar Arild.

Fram mot lansering i november 2021 vil du kunne følgje arbeidet med boka på ei eiga eiga Facebook-side. Arild Vonheim oppmodar folk om å ta kontakt med innspel til turar og historier som ein meiner bør med.



Gjennom eit samskapingsprosjekt med alle bygdene, bidreg Stad kommune med turar og innhald i Oppetur Stad.



#hjartestad

Konseptet Hjartestad skal posisjonere og sette Stad kommune på kartet som ein stad med hjarte, ein stad som er på "på hugget" og som ønskar å skape gode liv og opplevelingar for dei som bur her og kjem på besøk.

Konsept og grafisk profil for Stad

Ny Stad-profil og nytt konsept for kommunikasjon er på trappene denne våren. Dette er fase to i arbeidet med utvikling av identitetssymbol for Stad kommune. Nytt kommunevåpen blei utforma i samanslåingsprosessen, og no er den overordna grafiske profilen under utarbeiding.

Det er kommunikasjonsbyrået Byrr på Nordfjordeid som har utarbeidd konseptet *Hjartestad* med tilhøyrande logo/symbol. Dette vil erstatte det innbyggjarane i Eid kommune kjende som *Eid inviterer*. Hjartestad og tilhøyrande grafisk profil er tenkt å ha same overbyggjande rolle. Både lag og org., næringsliv, bygder og andre i samfunnet skal kunne bruke dette for å styrke si eiga marknadsføring,

Hovudelementa i Stad kommune sin samfunnsplan, visjon, posisjon og verdiar har vore grunnlaget for arbeidet og det nye konseptet. Ein felles grafisk profil skal sikre at Stad kommune og samfunnet elles kommuniserer visjonen og verdiane våre på ein samla og heilskapleg måte over tid, og bidra til å bygge stoltheit og felles identitet i Stad.

Den overordna målsettinga med konseptet/profilen er å skape attraktivitet og bulyst i Stad – både for eksisterande innbyggjarar, potensielle tilflyttarar og ikkje minst også gjere Stad til ein attraktiv plass for næringslivet å etablere seg.

Nye leiarar i Stad kommune



Tonje Ramse Trædal

Einingsleiar lokal samfunnsutvikling i Stad

Tonje starta i stillinga som einingsleiar for lokal samfunnsutvikling i Stad i januar 2021, og kjem frå jobben som kulturrådgjevar i Åmli kommune der ho har jobba dei siste seks åra.

Tonje har lang erfaring med arbeid innan kultur. Ho har ein master i etnologi, vore leiar for eit museum, jobba i interkommunalt arkiv i Møre og Romsdal, vore rektor i kulturskulen, jobba som lærar i vidaregåande skule i norsk og historie, og jobba i Det Norske Teatret i tre år.

Ho og familien, mann og tre born på åtte, elleve og tretten år, kjem frå Åmli, i Agder, og bur no på Hakallestranda i Vanylven.

– Vi kom til eit punkt i livet der vi ville prøve noko nytt. Vi hadde kjennskap til Vanylven og relasjonar der som gjorde det enklare å ta skrittet å flytte litt på seg.



Arve-Martin Husevåg

Einingsleiar heimetenesta i Stad

Arve-Martin Husevåg tek til i stillinga som einingsleiar i heimetenesta f.o.m 1. april, og kjem frå stillinga som HMS ingeniør i Mowi ASA.

Arne-Martin er utdanna sjukepleiar, har også ei HMS ingeniør utdanning som bakgrunn.

Vi ønskar begge velkomne til Stad kommune!

Med ønskje om
ei god påske!

